




Malena Hjelmeland, 8. klasse på Rosendal ungdomsskule, starta med 1. time på nett kl. 09.00 i dag.

**I ei tid med korona og mykje usikkerhet er det viktig for skulen å skapa tryggleik og ein meningsfull kvardag. Mange born er redde for mykje nett no. Skulen si oppgåve vert å leggja til rette for læring og utvikling ved bruk av digitale plattformer utan at det fører til stress. Det er rektor på Rosendal ungdomsskule, Bjørn Olav Tveit, som seier dette i samtale med Uskedalen.no.**

Rosendal ungdomsskule er godt førebudd på heimeskule. Mykje er nytt og ikkje prøvd før, men lærarane er motiverte og klar for å starta heimeskule frå i dag, tysdag 17. mars, kl. 09.00.

Eit viktig prinsipp er at elevane har faste rutinar heime, står opp til vanleg tid og er klar for skulearbeid og kontakt med skulen. God dialog og samtale med læraren og medelevarane er viktig.



Faget er matematikk. Læreren er Mattias Zimmermann.

Foreldre må fylgja opp. Det er dei som ser borna no, kjenner deira behov og gjer det ein kan for at eleven er aktiv. Hjernen må vera aktiv gjennom læring. Ein må likevel vera merksam på stress og uheldige hendingar i heimen. Lærarane er klar for å vera oppuntrande og støttande.

Systema og den digitale læringsplattforma kan vera ulike frå skule til skule, men grunnlaget er det same. Skulen brukar Teams i Officepakken. Alle e-post kommunikasjon går via Wisma. Det vert lagt opp til videomøte med klassen og eller deler av klassen kvar dag. Lærarane treng ikkje møta fram på skulen. Arbeidet kan gjerast der læraren bur. Leiinga vil vera på skulen.

Løysing av oppgåver skriftleg og munnleg vert gjort gjennom programmet Skooler. Ved bruk av verktøyet One Note har alle klassenotatbok i alle fag.

I tillegg til Rosendal ungdomsskule er Bjørn Olav Tveit også rektor for Malmanger skule og Mauranger skule. Heimeskulen gjeld for alle, uansett klassesteg. Heimeskule eller fjernundervisning i grunnskulen vil vera eit digitalt løft. Mykje er nytt både for elev og lærar, men med gode strukturar, vil det gå seg til.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arvid Hjelmeland